

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|--------|------------|
| Rita Ludvigsen | FA-F39 | 22/235 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 040/2023 | Kommunestyret | PS | 12.06.2023 |

Ny oppmoding om busetting av flyktningar 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at det vert teke ny utsjekk av mogeleg ledige husvære og ein vurderer på nytt kapasiteten på personalsida, og vil om det då er mogeleg vere villig til å ta imot fleire flyktningar enn dei vi allereie har sagt ja til for 2023. Kommunestyret delegerer til rådmannen å svara ut innan fristen 31.08.23

Saksopplysningar:

Bakgrunn /Fakta Då krigen braut ut i Ukraina i 2022 vart kommunane oppmoda om å ta imot flyktningar. Finansiert gjennom integreringstilskot og at kommunane skulle kunna få dekka kr. 50.000 til etablering av bustad etc. Masfjorden kommune takka ja til å ta imot 50 flyktningar på oppmodinga i 2022. Dette er eit relativt høgt tal sett i samanheng med innbyggartalet. Situasjonen i Ukraina var uavklara, men i starten kvoteflyktningane innstilt på å reisa heim igjen så fort som mogeleg. Biletet no i 2023 er at flyktningane har innsett at dette vil ta tid, og at dei sannsynleg vert verande i Noreg ei stund. Dette gjer at dei no har eit anna perspektiv på opphaldet sitt her. For 2023 har lmdi lagt til grunn same talet som for 2022 og har oppmoda kommunen om å ta imot 50 nye flyktningar for busetting. Vurdering Vi har i 2022 gjort oss mange erfaringar knytt til mottak av flyktningar. Vi har tilsett to personar i 50% stilling kvar i Flyktningtenesta, vi har oppretta og tilsett i vaksenopplæring med tilbod om Norskopplæring for flyktningar i to klassar, som ein del av introduksjonsprogram. Vi har jobba med å få dei vaksne inn i språkpraksisplassar, og vi har tatt imot 4 små barn i barnehagealder og 7 skulebarn i skulane. Den gruppa vi har tatt imot pr. 31.12.22 er på 29 personar. Det vil sei at vi har 14 plassar som vi har takka ja til an modning frå lmdi om og som vil verta busett i løpet av våren, og vi har pr.i dag 6 ledige plassar som vi ikkje har fått anmoding om men som truleg kjem etter kvart. Når desse er på plass har kommunen teke imot 50 flyktningar. Gruppa består i stor grad av einslege vaksne eller små familiar med ein vaksen og eit barn med nokre få unntak der det er to barn. Vi ser at det apparatet som vi no har rigga til å handtere det talet vi sa ja til for 2022 fungerer bra i denne storleiken, men dersom vi skal ta imot tilsvarande i 2023 vil ein ha behov for å auke talet tilsette. Vi ser utfordringar med å skaffe språkpraksisplassar. Situasjonen kring bustader er at vi no har tatt i bruk dei fleste tilgjengelege kommunale bustader og vi har nytta bustader på den private marknaden. Det minkar på tilgjengelege husvære. NAV og helse bidreg og inn mot mottak av flyktningar og merkar godt at dei har auka aktivitet. Når flyktningane etter eit halvt til eit år skal ut i arbeidslivet, ser vi at det kan bli ei utfordring med arbeidsplassar til alle. Hovudsakeleg får vi tilskot i

to år for desse flyktningane, og dei bør etter dei to åra vera etablert i arbeid. Økonomisk ser vi at dei 50.000 kr. pr. flyktning til etablering som kommunane vart førespegla er vorte til ei kompensasjonsordning for ubrukte plassar med utlegg, etter strenge kriteria, slik at dei ikkje kjem for kvar flyktning slik vi vart førespegla. Alle vaksne flyktningar under 55 år har rett på introduksjonsprogram, slik at dei har ei inntekt, denne retten har dei i 6. mndr. med moglegheit til utviding med 6 mndr. til, noko vi ser at alle vil ha trong for. Den skal bestå av språk/arbeidspraksis og norskopplæring. Vi ser utfordringar no med å skaffe nok slike plassar i kommunen både privat og kommunalt, slik at dette krev ein stor innsats frå Flyktingtenesta. Det er viktig at dei som kan, bidreg til at flyktningane får den språk- og arbeidspraksis dei har trong for som ein del av opplæringa si. Integreringstilskotet går i stor grad til å dekke introduksjonstønad. Konklusjon Vi ser at å ta imot flyktningar i ein liten kommune er enkelt på mange måtar når ein har ledige hus og ein kommune som elles fungerer bra økonomisk. Ein ser at det krev oppbemanning med auka mottak. Ein ser og at integrering tar tid. Flyktningane som kom i 2022 med resterande i 23 vil ha trong for tett oppfølging i 2023 for at dei skal læra tilstrekkeleg språk og å ha moglegheit for å skaffa seg relevant jobb og inntekt. Dette krev mykje av det apparatet som vi har. Når 2023 er omme vil situasjonen for eventuelt mottak vera ein annan. Ein må i 2023 jobba med integrering og sjølvstendigjering av dei ein har tatt imot, slik at dei vert ein ressurs for kommunen. Vi har likevel bidratt godt i høve folketalet i kommunen.

Konklusjon

Pr. dato har vi 6 ledige plassar. I revidert statsbudsjett var det framlegg om å opna for at all skal kunna få utvida program med 6 månader til. Det vil sei at alle skal ha lengre tid med introduksjonsprogram. Dersom vi skal ta imot fleire enn dei vi har sagt ja til til no, må vi utvida kapasiteten på Norskopplæring både med tilsette og lokaler, og det vil gje større utfordringar på språkpraksisoppfølging.

Kommunestyret - 040/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Rådmannen rår til at det vert teke ny utsjekk av mogeleg ledige husvære og ein vurderer på nytt kapasiteten på personalsida, og vil om det då er mogeleg vere villig til å ta imot fleire flyktningar enn dei vi allereie har sagt ja til for 2023. Kommunestyret delegerer til rådmannen å svara ut innan fristen 31.08.23